


OVERFØRING TIL EVANGER KRAFTVERK OG UTBYGGING AV TVERRELVI OG MUGGÅSELVI KRAFTVERK

- » Informasjon om planlagt utbygging
- » Samandrag av konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing



Innhold

Denne brosjyren er eit samandrag av innhaldet i konsesjonssøknaden.

Sjølve konsesjonssøknaden kan du lesa på nettsidene til BKK:

www.bkk.no/om_oss/anlegg-utbygging/Vannkraftutbygging/Tverrelvi

Brosjyren vert sendt til husstandane i det aktuelle området, Voss kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og fleire interesseorganisasjonar.

Bakgrunn for konsesjonssøknaden	side 3
Utbyggingsplanane	side 4
Samla plan for vassdrag og verneplanar	side 6
Oversiktskart	side 8
Kart over utbyggingsområdet	side 10
Konsekvensar av dei omsøkte alternativa	side 12
Aktuelle avbøtande tiltak	side 16
Saksgang	side 21
BKK	side 23

BAKGRUNN FOR KONSESJONS-SØKNADEN

BKK planlegg å bruka Tverrelvi og Muggåselvi i Voss kommune til kraftproduksjon i Evanger kraftverk og i tillegg nytta restvassføringa i eit nytt kraftverk i kvar av elvane.

Dei to kraftverka og overføringa til Evanger kraftverk kan gje 117 GWh vasskraft årleg, utan behov for nye magasin. Dette er nok straum til å dekkja forbruket i 5850 einestader.

Prosjektet vil medverka til å oppfylle nasjonale mål om auka produksjon av fornybar energi og meir effektiv utnytting av eksisterande vassdragsreguleringar.

Planen er å overføra dei øvre delane av nedbørfelta til Tverrelvi og Muggåselvi til det eksisterande kraftverket på Evanger, medan dei nedre delane av elvane er tenkt nytta i nye elvekraftverk ved Vosso. Harkavatnet øvst i Tverrelvi vart overført til Evanger kraftverk i 1971, utover dette er ikkje vassdraga påverka av vasskraftutbygging.

Fleire alternative utbyggingsløyser er vurdert og utgreidd med omsyn til konsekvensane for naturmiljø, brukarinteresser og samfunnsinteresser, i tillegg til tekniske og økonomiske forhold.

Tidleg i planleggingsfasen vurderte BKK fire utbyggingsalternativ. Vi har no gått vekk frå alternativ A og C, og har søkt konsesjon for følgjande to utbyggingsalternativ i prioritert rekkefølge:

B) Overføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk.

D) Utbygging av Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk (inga ny overføring til Evanger kraftverk).

UTBYGGINGSPLANANE

ALTERNATIV B - HOVUDALTERNATIVET

Vatnet frå øvre delar av Tverrelvi og Muggåselvi skal overførast til driftstunnelen til Evanger kraftverk. Det skal byggjast ein åtte kilometer lang tunnel til den eksisterande driftstunnelen, som tek inn sju bekkar i Muggåselvi og Tverrelvi. Den nye tunnelen skal drivast frå Mokedalen, der også steinmassane skal fraktast ut.

Den eksisterande overføringa av Harkavatnet til Grasdalen bekkeinntak (Evanger kraftverk) vert stengd. Harkavatnet vert då ført tilbake til Tverrelvi sitt nedbørfelt og teke inn på overføringstunnelen ved eige bekkeinntak.

Vatnet i Tverrelvi og Muggåselvi nedanfor bekkeinntaka vert nytta i kvar sine fall, frå 355 moh (meter over havet) til 50 moh i Tverrelvi og frå 380 moh til 25 moh i Muggåselvi. Vassvegen til begge kraftverka vil verta bygd med røyr som vert grave ned mellom inntaka og kraftstasjonane. I lia over Muggåselvi kraftverk må det borast sjakt grunna ulendt terreng. Begge kraftstasjonane vert plassert ute i dagen.

ALTERNATIV D

Det vert inga overføring til Evanger kraftverk. Nedbørfelta til Tverrelvi og Muggåselvi vert nytta i kvar sine fall, frå 355 moh til 50 moh i Tverrelvi og frå 380 moh til 25 moh i Muggåselvi. Vassvegen til begge kraftverka vil verta bygd med røyr som vert grave ned mellom inntaka og kraftstasjonane. I lia over Muggåselvi kraftverk må det borast sjakt grunna ulendt terreng. Begge kraftstasjonane vert plassert ute i dagen.

TILHØYRANDE ANLEGG

Dersom det vert gjeve konsesjon til alternativ B, skal BKK etter avtale gje ein økonomisk stønad til utbetring av den kommunale vegen frå E16 opp til Steine. Stølsvegane frå Steine og vidare inn i fjellet vert utbetra i den grad utbygginga har bruk for det. Frå stølsvegane vert det bygd ein ny anleggsveg opp til tunnelopninga i Mokedalen. Vegen vert 2,5 - 3 kilometer lang.

Stein frå overføringstunnelen skal ut i Mokedalen. Plassert masse utgjør eit volum på om lag 260 000 kubikkmeter. Tunnelmassane vert plassert i Mokedalen nedanfor tunnelopninga. Massedeponiet vert tilpassa terrenget og sådd til, og det vert laga til med plastring og nytt elveleie ved steindeponiet.



Tverrelvi ved Edal, oppstrams inntaket til Tverrelvi kraftverk.

Bekkeinntaka i fjellet ligg langt unna infrastruktur, og det er lagt opp til helikoptertransport eller tilkomst gjennom tunnelen i anleggsperioden. Inntaket til både Tverrelvi og Muggåselvi kraftverk ligg nær eksisterande veg, og det skal byggjast ein kort anleggsveg til inntaksområda.

Krafta frå kraftverka vert ført ut ved hjelp av ein ny 22 kilovolt kraftleidning til koplings- og transformatorstasjonen på Evanger.

Utbyggingstida er to til tre år, avhengig av alternativ.

NØKKELTAL FOR PROSJEKTET

Alternativ	B	D
Årsproduksjon i middel (GWh/år)	117,2	66,2
Utbyggingskostnad (mill. kr)*	456	262
Utbyggingspris (kr/kWh)*	3,89	3,95
Byggjetid	3 år	2 år

* Kostnader per 2011

SAMLA PLAN FOR VASSDRAG OG VERNEPLANAR

Alle nye, store prosjekt for utbygging av vasskraft må handsamast i Samla plan for vassdrag. Berre utbyggingsprosjekt som er plassert i kategori I i Samla plan, eller som er fritekne frå handsaming, kan konsesjonshandsamast av styresmaktene.

Overføringa av øvre delar av Tverrelvi og Muggåselvi vart handsama i stortingsmelding nr. 60 (1991–92) og plassert i kategori I. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) har gjeve fritak frå Samla plan for Muggåselvi kraftverk og Tverrelvi kraftverk.

Vossovassdraget ovanfor Vangsvatnet; Strondaelva, Raundalselva og Bordalselva, vart handsama i Verneplan III. Stortinget vedtok vern mot kraftutbygging av desse vassdraga i 1986. Vosso, som Tverrelvi og Muggåselvi renn ut i, er eit nasjonalt laksevassdrag.

LØYVE


Tiltaket må ha offentlege løyve etter følgjande lovverk før arbeidet kan ta til:

- » Konsesjon etter vassressurslova
- » Konsesjon etter vassdragsreguleringslova
- » Konsesjon etter energilova
- » Konsesjon etter industrikonsesjonslova
- » Utsleppsløyve etter forureiningslova
- » Løyve etter oreigningslova

I tillegg vil ei utbygging krevja fleire avklaringar, mellom anna i høve til naturmangfaldslova, plan- og bygningslova og kulturminnelova.

Oversikt over Tverrelvi ved Fljote.






OVERSIKTSKART

8 OVERFØRING TIL EVANGER KRAFTVERK OG UTBYGGING AV TVERRELVI OG MUGGÅSELVI KRAFTVERK

- Overføring inntak
- Nytt inntak
- Eksisterende inntak
- ⋯ Overføringstunnel
- Nytt kraftverk
- Eksisterende kraftverk
- ☞ Nedbørfelt overføring
- Ny røyrgate
- Eksisterende vassveg
- ☞ Nedbørfelt Oksebotn og Evanger kraftverk
- ☞ Nedbørfelt Tverrelvi
- ☞ Nedbørfelt Muggåselvi
- ☞ Nedbørfelt Harkavåvatnet



KART OVER UTBYGGINGSOMRÅDET

10 OVERFØRING TIL EVANGER KRAFTVERK OG UTBYGGING AV TVERRELVI OG MUGGÅSELVI KRAFTVERK

- Nytt inntak overføring
- Nytt inntak
- Inntak
- Ny overføringstunnel
- Nytt kraftverk
- Eksisterende kraftverk
- Ny anleggsveg
- Ny sjakt/tunnel
- Eksisterende røyrgate
- Ny røyrgate
- Eksisterende tunnel

KONSEKVENSA AV DEI OMSØKTE ALTERNATIVA

Prosjektet med ulike alternativ er konsekvensutgreidd for å få oversikt over moglege følgjer for natur, miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga har kome med framlegg til avbøtande tiltak som kan vera aktuelle å gjennomføra for å redusera ulempene.

Bekken frå Vetlavatnet ned mot Mokedalen.



Denne oversikta gjev eit overblikk over dei mest vesentlege konsekvensane av utbygginga. For omtale av konsekvensar for alle fagtema, viser vi til konsesjonssøknaden.

Konsekvensutgreiingane er utført av Multiconsult, med fleire underleverandørar. BKK har utgreidd verknader for overflatehydrologi og skred.

HYDROLOGISKE FORHOLD

Vassføringa nedanfor alle inntaka, både bekkeinntak og kraftverksinntak, vert redusert som følgje av utbygginga. Sidan Harkavatnet vert ført tilbake til det naturlege feltet sitt i Tverrelvi, vert det auka vassføring frå Harkavatnet ned til nytt bekkeinntak oppstrøms Mokedalen. Det er planlagt minstevassføring heile året frå begge kraftverksinntaka og frå tre av bekkeinntaka.

Vasstemperaturen nedanfor inntaka kan verta litt høgare om sommaren. Langs fleire strekkingar i dei midtre delane av Tverrelvi er bruer og liknande utsett for skadar under isgang. Redusert vassføring på grunn av overføringa i alternativ B vil redusera faren for isgang.

Overføring av øvre del av Tverrelvi og Muggåselvi til Evanger kraftverk kan redusera dei små og årlege flaumane, men dei ekstreme flaumane vil truleg verta som før. Det er ikkje venta særleg endring i flaumforholda i Vosso, då volumet av det overførte vatnet er lite jamført med resten av Vossovassdraget.

LANDSKAP

For alternativ B vil overføringa av Tverrelvi og Muggåselvi redusera inngrepsfrie område. Dei negative konsekvensane gjeld redusert vassføring og inngrep i samband med bekkeinntaka, i tillegg til anleggsveg og deponering av tunnelstein i Mokedalen.

Alternativ D, som ikkje medfører inngrep i høgareliggjande parti, vil i vesentleg mindre grad påverka landskapet. Dette alternativet vil ikkje medføra tap av inngrepsfrie areal. Utbetring av vegen frå E16 til Steine vil også medføra inngrep i terrenget, særleg i nedste del.

» Det er planlagt minstevassføring heile året frå begge kraftverksinntaka og frå tre av bekkeinntaka.

KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

For alternativ B er det generelt knytt negative konsekvensar til tiltak i stølsområda i øvre del av planområdet, og då særleg innanfor kulturmiljøet i Mokedalen. Her er det planlagt anleggsveg, massedeponi og midlertidig riggområde i utbyggingsperioden.

Det er gjort funn av eldre kulturminne i Mokedalen, på Kvitlastølen og ved Steinestølen. Kvitlastølen og Steinestølen vert ikkje råka av ei utbygging. Utbygginga vil ta omsyn til kulturminna i Mokedalen, slik at dei ikkje vert råka. Kulturminna ligg i området mellom dagens støl og det planlagde riggområdet. Konsekvensane her er avgrensa til visuell innverknad på kulturmiljøet.

Anleggsvegen opp til Mokedalen kan verka inn på den gamle driftevegen til stølen. Elles er det ingen kjende registrerte kulturminne innanfor tiltaksområda.

BIOLOGISK MANGFALD

Store arealbeslag og fråføring av vatn gjev dei største konsekvensane for biologisk mangfald. Øvre delar av Tverrelvi og Muggåselvi med innsjøane Harkavatnet og Skorsetvatnet har førekomst av villrein. Anleggsaktiviteten kan uroa dyra, spesielt er villreinen sårbar, i mindre grad hjort.

Redusert vassføring vil føra til redusert fukttilhøve for fuktkrevjande planter i bekkekløft i Tverrelvi. I nedre del av Tverrelvi er det knytt verdi til bekkekløft, fossesprøytonar og leveområde for fossefall, vintererle og strandsnipe, der det for begge utbyggingsalternativa vil vera liten til middels negativ konsekvens.

FISK OG FERSKVASSBIOLOGI

Tverrelvi har ei 450 meter lang lakseførande (anadrom) strekning ned mot Vosso. Kraftstasjonen vil verta plassert ved eit naturleg hinder som fisken ikkje kan vandra forbi, så på den anadrome strekninga vil vassføringa vera tilnærma uendra.

Det er i begge utbyggingsalternativa planlagt eit system for forbislepping av vatn i Tverrelvi kraftverk. Dette vil hindra brå variasjonar i vassføringa ved eventuelle driftsutfall i kraftverket.

» Generelt er konsekvensane for fisk i Vosso og nedre del av Muggåselvi og Tverrelvi vurdert til å vera ubetydelege.

Generelt er konsekvensane for fisk i Vosso og nedre del av Muggåselvi og Tverrelvi vurdert til å vera ubetydelege.

FORUREINING

Det meste av støyen og luftforureininga er knytt til anleggsarbeidet, særleg i Mokedalen og ved Muggåselvi kraftverk. Med unntak av Muggåselvi kraftverk, ligg alle anleggstadene langt frå fast busetnad. I anleggstida må ein rekna med auka trafikk i områda Edal/Steine.

NATURESSURSAR

Alternativ B vil leggja beslag på om lag 80 dekar utmark i Mokedalen, inkludert ny anleggsveg og massedeponi. Ei utbygging vil i mindre grad påverka dyrka mark eller innmarksbeite. Beitande dyr kan verta forstyrta i anleggsperioden.

Det er inngått avtale med grunneigarar om mellom anna utbetring av stølsvegar, terskel- og elveforbygging.

Opp gjennom åra har Tverrelvi fløymd over og gjort skade på jordbruksareala på Edal og Steine og på infrastruktur i området. Ei utbygging av alternativ B vil vera positivt for landbruket i dalføret, både grunna reduserte flaumar og betra tilgjenge ved utbetring av den kommunale vegen frå E16 til Steine.

Redusert vassføring kan ha negative konsekvensar for dei som nyttar desse elvestrekningane som vasskjelde. Det er gjort avtale med grunneigarar om at eksisterande vassforsyning skal oppretthaldast ved utbygging av alternativ B.

SAMFUNN

Ei utbygging vil ha ein positiv innverknad på næringsliv og sysselsetting på grunn av auka etterspurnad etter varer og tenester, hovudsakleg i anleggsperioden. Ein del av dette vil koma lokalsamfunnet til gode.

Prosjektet vil gje vekst i kraftproduksjonen, og stat, fylke og kommune vil få auka skatteinngang i driftsfasen gjennom auke i konsesjonsavgift, konsesjonskraft, eigedomsskatt, selskapskatt, grunnrenteskatt og naturressursskatt.

Som følgje av utbygginga vil vegen frå E16 opp til Steine verta utbetra.

FRILUFTSLIV, JAKT, FISKE OG REISELIV

Ei utbygging kan påverka bruken av området til friluftsliv. Inngrep i lite påverka område kan seinka kvaliteten på friluftsopplevingar.

Det avgrensa fisket etter aure i Tverrelvi er venta å verta lite påverka. Fisket elles i området vil ikkje verta råka. Jakt vert mellombels forstyrta i anleggsperioden.



Raudbergstolen. Området ligg oppstrøms bekkeinntaket, og vil såleis ikkje verta påverka av utbygginga.

AKTUELLE AVBØTANDE TILTAK

DRIFTSFASEN

Minstevassføring – overføringa til Evanger kraftverk

BKK legg opp til å tappa ei minstevassføring på inntil 65 liter per sekund (l/s) frå bekkeinntaket i Mustdalen vest i perioden 1. juni til 30. september og inntil 10 l/s resten av året. Frå inntaket i Raudbergsdalen skal det tappast ei minstevassføring på inntil 35 l/s i perioden 1. juni til 30. september og inntil 20 l/s resten av året. Frå inntaket i Fangdalen skal det tappast ei minstevassføring på inntil 30 l/s i perioden 1. juni til 30. september og inntil 15 l/s resten av året. Dersom tilsiget til inntaka er lågare enn kravet til minstevassføring, skal alt tilsig sleppast forbi inntaka.

Minstevassføring – Tverrelvi kraftverk

Frå inntaket i Tverrelvi skal det i perioden 1. mai til 30. september tappast ei minstevassføring på inntil 262 l/s og i perioden 1. oktober til 30. april tappast ei minstevassføring på inntil 94 l/s. Er tilsiget lågare enn kravet til minstevassføring, skal alt tilsig sleppast forbi inntaket, og kraftverket vil stå.

Minstevassføring – Muggåselvi kraftverk

Det skal tappast ei minstevassføring på inntil 35 l/s frå inntaket i Muggåselvi heile året. Er tilsiget lågare enn kravet til minstevassføring, skal alt tilsig sleppast forbi inntaket, og kraftverket vil stå.

Andre avbøtande tiltak i driftsfasen

BKK vil gje ein økonomisk stønad til utbetring av den kommunale vegen frå E16 til Steine dersom det vert utbygging av alternativ B. I Tverrelvi vil det verta vurdert å byggja tersklar på delar av elvestrekninga, spesielt i området rundt Edal og Steine. Det er planlagt eit system for forbislepping av vatn i Tverrelvi kraftverk. Dette for å hindra brå vassføringsvariasjonar ved eventuelle driftsutfall i kraftverket.

Det vil verta gjennomført støydempande tiltak i Muggåselvi kraftverk.

ANLEGGSSFASEN

Utslepp og støy frå anleggsverksemda skal avgrensast mest mogleg. Sedimenteringsopplegg for avrenning frå anleggsområda vil vera viktig ved anlegg i og ved anadrom strekning, men også ved dei øvre delane av vassdraget i Mokedalen. Anleggsarbeidet i samband med å tilbakeføra Harkavatnet sitt felt til Tverrelvi i sør bør gå føre seg på seinsommar/haust på grunn av villrein.

Massedeponi i Mokedalen

Revegetering av massedeponiet i Mokedalen, riggområde, vegkant og andre område som har vorte påverka i anleggsfasen, vil i stor grad kunne kamuflera desse inngrepa. Før tipping av massar og graving av anleggsvegar skal det øvste jordsmonnet fjernast og leggjast tilbake på område som skal revegeterast.

SAMANSTILLING AV KONSEKVENSAER, INKLUDERT AVBØTANDE TILTAK

Utgreingsstema		Alternativ	
		B	D
Vasstemperatur, is og lokalklima		+	0
Grunnvatn		-	0/-
Støy og luftforureining		-	-
Erosjon og massetransport		+	+
Skred		0	0
Landskap	Anleggsfasen	-	0/-
	Driftsfasen	--	-
Naturressursar	Anleggsfasen	-	0/-
	Driftsfasen	++	0/+
Ferskvassbiologi og fisk	Øvre delar av Tverrelvi/Muggåselvi	0	0
	Midtre delar av Tverrelvi/Muggåselvi	0	0
	Anadrom del av Tverrelvi	0	0
	Anadrom del av Muggåselvi	-	0
	Vosso	0	0
	Nedstraums Evanger	0	0
Biologisk mangfald	Øvre delar Tverrelvi/Muggåselvi	-/--	0
	Nedste delar av Tverrelvi	-/--	-/--
	Nedste delar av Muggåselvi	-/--	-
Reiseliv		0	0
Friluftsliv	Anleggsfasen	--	-
	Driftsfasen	--	0/-
Kulturminne		--	0/-
Samfunn		+;++	0/+

---- Meget stor negativ konsekvens ++++ Meget stor positiv konsekvens
 --- Stor negativ konsekvens +++ Stor positiv konsekvens
 -- Middels negativ konsekvens ++ Middels positiv konsekvens
 - Liten negativ konsekvens + Liten positiv konsekvens
 0 Ingen konsekvens

Fangdalen.





Tverrelvi ved planlagt kraftstasjon.



Fotomontasje av Mokedalen med dagens situasjon øvst og situasjonen i driftsfasen med revegetert massedeponi og redusert vassføring nedst.

SAKSGANG

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

FASE 1 – MELDINGSFASEN

BKK la fram planane i ei melding, med forslag til kva tema som skulle konsekvensutgreiast. Meldinga vart sendt på høyring i desember 2010. NVE tok imot fråsegnar og fastsette så eit konsekvensutgreiingsprogram.

FASE 2 – UTGREIINGSFASEN

I denne fasen vart konsekvensane utgreidd i samsvar med det fastsette utgreiingsprogrammet og planane utvikla vidare på bakgrunn av innspel frå utgreiingane.

FASE 3 – SØKNADSFASEN

Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til NVE.

Høyring: Søknaden vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentlig ettersyn i kommunehuset på Voss. Samtidig vert søknaden sendt på høyring til sentrale, regionale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, og i tillegg alle som kom med fråsegn til meldinga.

Søknaden med konsekvensutgreiing finn du på:

http://www.bkk.no/om_oss/anlegg-utbygging/Vannkraftutbygging/Tverrelvi/. Den kan også lastast ned på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Alle kan koma med fråsegn. Denne kan du senda via nettsida www.nve.no/vannkraft (på sida til denne saka) til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO. Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen.

Føremålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er

- » Å informera om planane
- » Å få grunnjevne tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgreiingsprogrammet
- » Å få grunnjevne tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- » Å få eventuelle forslag til avbøtande tiltak



Ved bekkeinntaket Mustdalen vest, med utsikt over Kvitladalen.

Ope møte: I høyringsperioden vil NVE arrangera eit ope folkemøte der deltakarane vil verta orientert om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil verta kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Slutthandsaming: Etter at høyringsrunden er avslutta, vil NVE arrangera ei sluttsynfaring og utarbeida si tilråding i saka. Tilrådinga blir sendt til Olje- og energidepartementet (OED) for slutthandsaming. Endeleg avgjerd vert tatt av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan verta lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setja vilkår for drift av overføringa og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusera skadar og ulemper.

Ifølge vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevja utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp dekte av tiltakshavar, i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg, kan dei leggja saka fram for NVE. NVE tilrår at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar sine krav, og at kravet om dekning vert avklara med tiltakshavar på førehand.

» Etter at høyringsrunden er avslutta, vil NVE arrangera ei sluttsynfaring og utarbeida si tilråding i saka.

BKK

BKK vart stifta i 1920 for å løysa samtidas kraftutfordring. Snart 100 år seinare er vi Vestlandets største energiselskap og jobbar for å løysa både dagens og morgondagens energiutfordringar.

BKK har 31 heileigde vasskraftverk på Vestlandet og eig 26 prosent i Sima kraftverk. I eit normalår er produksjonen 6,7 TWh, tilsvarande forbruket til 335 000 einebustader. Vi arbeider offensivt for å auka produksjonen gjennom nye anlegg og effektivisering av eksisterande. Krafta blir omsett i engrosmarknaden.

BKK har eit unikt fagmiljø innan vasskraft, med ein kompetanse som er etterspurt hos kraftselskap og andre eksterne kundar.

Kven kan du kontakta?

Spørsmål til innhaldet i søknaden, konsekvensutgreiinga og dei tekniske planane kan du retta til:

BKK Produksjon AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Kontaktpersonar:

Prosjektleder Ingvill Stenseth,
tlf.: 55 12 90 31, ingvill.stenseth@bkk.no

Grunneigarkontakt Fredrik Falkgård,
tlf.: 55 12 74 09, fredrik.falkgard@bkk.no

Spørsmål om sakshandsaminga kan du retta til:

NVE – Konesjon og tilsyn
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
nve@nve.no

Kontaktperson:

Sakshandsamar Stein Wisthus Johansen
swj@nve.no
tlf.: 22 95 98 34

Meir informasjon vil du finna på nettsidene
bkk.no og nve.no